

## INVESTERINGSPROGRAM FOR FYLKESVEGNETTET TIL RTP 2018-2029

### HØYRINGSUTTALE:

Fitjar kommune registrerer at det ikkje er sett av midlar til investeringar i Fitjar og Stord ut over bompengeprojekta Stord Vestside, og Stordpakken, når denne blir aktuell.

Kommunen ser at det skuldast for knappe rammer, men saknar ei synleggjering av behovet for midlar for betre å kunna arbeida for å få auka rammene til dette i Nasjonal transportplan.

Kommunen ynskjer og å peika på nokre prosjekt i Fitjar og i Stord kommune som er viktige for trafikk frå/til Fitjar, og ber om at følgjande prosjekt vert vurdert teke inn i planprogrammet og porteføljen for større investeringsprosjekt dei neste tolv åra:

Bompengeprojektet for Stord vestside har berre midlar til ei minimumsløysing på strekkja ved kommunegrensa mot Stord. Det er sterkt ynskjeleg med friske midlar slik at projektet kan fullførast.

Fv. 72, Dåfjordvegen. Her må det lagast planar for utbetring av vegtilkomsten til Selevikkrisen, noko kommunen meiner må omtalast i planprogrammet.

Som vist i fylkeskommunen si utgreiing «Moglegheitsstudie for tilførsleveggar til ny E 39» frå 2015, vil ei avkorting av Fv 545 forbi Litlabø/Sagvåg mot E 39 vera aktuell. Her er det tre ulike modellar som er nemnt i saka, men ikkje prioritert, og som i noko monn vil kunna vera del av Stordpakken:

- Ny veg gjennom Hustredalen og utbetring av Litlabøvegen mot Leirvik, med høgare fart.
- Ny veg gjennom Hustredalen og ny veg rett mot E 39 («Bråten modellen»)
- Avkorting og høgare fartsgrense på FV 545 frå Sagvåg til E 39.

Kommunen ser positivt på at fylkeskommunen set av midlar slik at dei kan yta tilskot til mindre samarbeidsprosjekt. Me ville ynskt ei styrking av posten, og tillet oss å peika på Fv 75 frå Vestbøstad til avkjøring mot Kråko som eit aktuelt prosjekt. – jmf. Trafikksikringsplan 2014-2022.